

FOLKEDANSLAGET SØLJA

LOVER OG RETNINGSLINJER

Lov av 4/10-1974 med endringar.

Sist endra 30/1-2023.

§1 Formål

Folkedanslaget Sølja har som hovudoppgåve å fremje forståing og interesse for folkedans (songdans, turdans, bygdedans, gammeldans), folkeviser/folkemusikk og bygdebunader, - og skape eit miljø med dette som grunnlag. Laget kan i tillegg sette i gang aktivitetar i samsvar med føremålet til Noregs Ungdomslag.

§2 Medlemmer

Dei som har fylt 14 år og godkjenner føremålet til laget er medlemmer når dei har betalt årspengar. Barn under 14 år kan bli medlemmer når dei har betalt årspengar. Folk med interesse for arbeidet i Sølja kan bli Søljavener og betale ein lågare sats årspengar. Søljavener, medlemmer under 14 år og deira føresette har møte- og talerett, men ikkje røysterett på årsmøtet. Laget er direktemedlem i Noregs Ungdomslag.

§3 Årsmøtet

Arbeidet i Sølja følgjer kalenderåret. Årsmøtet skal vere innan utgangen av januar. Medlemmene kan kome med framlegg om saker til årsmøtet. Sakene med grunngjeving må vere melde skriftleg til styret seinast 6 veker før årsmøtet. Styret avgjer kva saker det vil ta med på saklista. Saker som er melde i rett tid, men som styret ikkje fører opp på saklista, kan etter særskilt vedtak på årsmøtet likevel takast opp. Årsmøtet må kunngjerast 14 dagar føreåt. Saksdokumenta bør sendast ut samstundes med kunngjeringa. Omfram årsmøte skal haldast når årsmøtet, styret i laget eller 1/3 av lagsflokket krev det. Årsmøtet vel leiar, 4 styremedlemmer med 3 varamedlemmer og 2 revisorar med 1 varamedlem. Leiaren blir vald særskilt for eitt år om gongen. Styremedlemmene blir valde for 2 år om gongen, slik at 2 står på val kvart år. Revisorane blir valde for 2 år om gongen slik at ein står på val kvart år. Alle varamedlemmer blir valde for eitt år om gongen.

Årsmøtet vel dessutan:

- Utsendingar til landsmøtet i Noregs Ungdomslag. Årsmøtet kan gje styret fullmakt til å velje utsendingar.
- Valnemnd på 2 medlemmer. Det skal veljast ein ny medlem kvart år. Den som har vore medlem lengst, er leiar.
- Medlemmer til andre tillitsverv som går fram av eigne retningsliner som er vedtekne av årsmøtet.

Årsmøtet skal ta stode til:

- årsmelding og revidert rekneskap.
- arbeidsprogram og budsjett. Storleiken på årspengane til barn og vaksne skal gå fram av budsjettet.
- andre saker styret legg fram.

For drøftingar, val og røystingar gjeld dei same reglane som for årsmøtet i Noregs Ungdomslag (sjå styringsføresegnene).

§4 Styret

Styret vel seg i mellom nestleiar, sekretær og kasserar. 1 varamedlem bør vere med på styremøta. Rettleiarane møter når viktige leiksaker skal drøftast. Styret er vedtaksført når 3 medlemmer er til stades og røyster. Styret leier arbeidet i laget. Det har også ansvaret for arbeidet i nemnder og særgreiner. Styret har ansvaret for at medlemspengane til Noregs Ungdomslag blir betalt til rett tid og at årsmelding med rekneskap og underskriven protokoll frå årsmøtet vert levert innan fastsett frist. Styret er bunde av budsjettet som er vedteke på årsmøtet. Større endringar på budsjettet som fører til at laget må bruke meir pengar, må godkjennast av lagsflokken på eit særskilt årsmøte eller ei øving i laget. Framlegg om slike budsjettendringar skal vere kunngjort seinast 2 veker føreåt.

§5

Blir laget lagt ned eller endrar føremål så det ikkje lenger kan stå i Noregs Ungdomslag, skal Noregs Ungdomslag ta vare på midelen til laget kjem i gang att, eller det blir skipa eit nytt lag i Hamar-området som fyller krava til medlemskap i Noregs Ungdomslag. Går det 15 år etter midelen er teken over og laget ikkje er kome i gang att, eller det ikkje er skipa nytt og godkjent lag, skal midelen overlatast til kommunestyret i Hamar, som etter nærare avtale med Noregs Ungdomslag skal nytte midelen til beste for ungdomsarbeidet i kommunen. Lova til Noregs Ungdomslag gjeld når ein skal avgjere om laget er lagt ned eller har endra føremål.

§6

Lovene og føresegnene for Noregs Ungdomslag som omhandlar tilhøva i ungdomslag eller organisasjonen allment, gjeld og for Folkedanslaget Sølja

§7

Framlegg om lovendring skal vere kunngjort minst 14 dagar før årsmøtet. Årsmøtet kan då vedta endringa med 2/3 fleirtal. Endringa må godkjennast av Noregs Ungdomslag.

STATUTTER FOR UTDELING AV METALLPLATTE AV SØLJAS EMBLEM (SØLJAPLATTEN)

Vedtatt 21/1-1991.

1. Platten kan gis til personer i og utenfor laget som har gjort en spesiell innsats for laget.
2. Platten kan brukes som gave ved besøk hos andre, eller hvis laget har gjester.
3. Platten er ikke til salgs.
4. Det skal opplyses i årsmeldingen hvem som eventuelt har fått platten siste år, og i hvilken forbindelse.
5. Styrets flertall (minst 3 medlemmer) må være enige om hvem som skal få platten. Forslag om utdeling må leveres skriftlig til styret ved lederen. Forslaget må være begrunnet, og underskrevet av minst ett lagsmedlem.

RETNINGSLINJER FOR PROGRAMKOMITEEN

Vedteke 31/1-1994, sist endra 27/1-2020

- 1. Oppnemning** Programkomiteen blir oppnemnt av styret for 1 år om gangen. Komiteen har minst tre medlemmer. Minst to er instruktører og minst ein er frå styret.
- 2. Oppgåver og ansvar** Komiteen skal utvikle det faglege innhaldet i øvingar og framsyningar. Komiteen har ansvar for å:
 - Sette opp øvingsprogram for danseåret.
 - Utarbeide program for framsyningar i hovudlaget og kontradansgruppa..
- 3. Medlemsinnflytelse** Alle i laget skal bli invitert til å fremje forslag og ønsker om dansar til arbeidsprogrammet.
Alle i laget skal ha høve til å delta på framsyning.